



Statens vegvesen

Likelydande brev til:
Alle kommunar i Hordaland fylke
v/teknisk etat

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Elin Fjetland - 99268100

Vår referanse:
2015/000559-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
12.01.2015

Revisjon av vegliste 2014 for fylkes- og kommunale vegar Hordaland fylke

Vedlagd følgjer eit eksemplar av vegliste for fylkes- og kommunale vegar i Hordaland fylke 2014 til oppdatering.

Kartverket sine vegnummer (gatekode) og veglengde skal vere påført alle vegstrekningar i veglista. Du finn rettleiing og forklaring til veglista som vedlegg til dette brevet. *Eit Excel-ark du kan nytte til oppdatering er også lagt ved.*

Vi minner om at veglista er ei forskrift som mellom anna gir grunnlag for kontroll av vekt og dimensjonar på køyretøy. Det er difor viktig at opplysningane er rette.

Vi ber om at de fører eventuelle endringar i høgre del av Excel-arket. Det vil då gå tydeleg fram både i venstre og høgre del av arket kvar de har gjort endringar. Strekningar som tidlegare har vore plassert i gruppa «andre vegar», og som de no definerer med andre verdier enn dei «andre vegane», kan de leggja inn sist i regnearket. Dette vil vere til hjelp for oss når vi skal oppdatere verdiane som ligg i Nasjonal vegdatabank (NVDB). Vedlegga sender du berre elektronisk.

Det er strenge reglar for tryggleiken på jernbana. De må kontakte Jernbaneverket om de vurderer å tillate større totalengde eller totalvekt på veg over jernbaneplanovergang. Før eventuelle endringar, må Jernbaneverket vurdere om auka vekt eller dimensjon vil medføre auka risiko som er uakseptabel. Vurderinga frå Jernbaneverket må følge med tilbakemeldinga dykkar på dette brevet.

Vi ber dykk særleg om å vurdere strekningar som kan opnast for 24 m vogntoglengde og 60 tonn totalvekt for tømmervogntog.

Nye lister gjeld frå 1. april 2015.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Lagårdsveien 80
4010 STAVANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Vi treng tid til å oppdatere NVDB og til å publisere på vegvesen.no. Vi ber difor om tilbakemelding frå dykk **innan 13. mars 2015**. Tilbakemeldinga dykkar ser vi på som vedtak om endra klassifisering av kommunale vegar.

ELVEG

Når det gjeld endringar på det kommunale vegnettet til bruk i ELVEG skal dette ikkje sendast inn til Statens vegvesen, men til Statens Kartverk.

- Tillate/skilta fart
- Svingrestriksjonar
- Innkjøring forbode
- Fysisk sperre, ev. bom, sluser (buss-sluse), utrykkingskjøretøy
- Høgderestriksjonar
- Endring av vegnummer (omklassifisering av veg m.m.)

sendes på epost til aina.gundersby@kartverket.no eller tlf. 32 11 84 15/416 51 244.

Vi ber dykk svare på dette brevet sjølv om kommunen ikkje har endringar i vegnettet.

Dersom de har spørsmål eller kommentarar, kan de stille desse til Elin Fjetland på tlf. 992 68 100 eller sende e-post til elin.fjetland@vegvesen.no

Byggherreseksjonen
Med helsing

for 
Øyvind Haaland
Seksjonssjef


Elin Fjetland

5 vedlegg